

Kommunen sa både ja og nei

MELAND: På vegner av Meland kommune skreiv plansjef Jens Bjordal under ei erklæring som er stikk i strid med konklusjonen fatta av eit nesten samrøystes kommunestyre. – Ein heilt vanleg måte å jobba på, seier rådmann Helge Thorsen.

Dagrun Stokke
dagrun@nordhordland.no



Etter at Salar Smolt (no Alsaker Fjordbruk) hadde gjort ferdig arbeidet med å leggja ned inntaksleidning for vatn i Rylandsvassdraget, skreiv grunneigarane under på ei erklæring.

”Eg/vi har ingen merknader til måten ledningen er nedlagt på, og er ikke part i den klagesak som er brakt inn for Olje- og Energidepartementet”, står det mellom anna i erklæringa.

Plansjef Jens Bjordal er ein av 11 personar som har underteikna dokumentet, datert januar i år.



RØRET: Enkelte stader er Salar-røret framleis synleg. Dette bildet er teke i august i år.

Grunnen til at Bjordal, som på det tidspunktet var kommunalsjef for kommunalteknikk, miljø og landbruk, skreiv under er at Meland kommune er ein av grunneigarane i området.

Kontrast

Det som Bjordal underteikna står i kontrast til konklusjonen komité for til kommunalteknikk, miljø og landbruk fatta etter synfaring 25. september 2007.

”Leidningen er ikkje lagt slik at den er skjult. Den er tvert i mot godt synleg enkelte stader, og er såleis både skjemmande og til hinder for aktivitetar som fiske”, stadfestar ordførar Nils Marton Aadland i eit brev han sende til

olje- og energidepartementet 28.mai i år. I brevet viser ordføraren også til at konsesjonen frå kommunen si side vart tilrådd under vilkår av at leidningen skulle sprengjast eller gravast ned i utløpet slik at den ikkje vert synleg frå land.

Heit potet

- Sidan folk frå administrasjonen har skrive under på grunneigarerklæringa at dei ikkje har merknader til arbeidet, såg eg meg nøydd til å presisera kva utvalet hadde kome fram til etter synfaringa. Den konklusjonen vart stadfesta mot ei røyst i kommunestyret også, seier Aadland.

Saka om Salar-røret blei ei

heit potet då Mitre Holsnøy Grunneigarlag og andre innbyggjarar klaga på arbeidet. Dei fekk medhald i Olje- og Energidepartementet, medan NVE som stod for konsesjonen, tolkar at vilkåra er oppfylte. No prøver departementet å ordna opp. Naturvernforbundet i Nordhordland har òg engasjert seg i saka.

Ikkje noko uvanleg

Men korleis kan det skje at ein kommune kan ha to syn i same sak? Rådmann Helge Thorsen seier at det er svært vanleg.

- Kommunen som grunneigar og kommunen som forvaltningssorgan er to forskjellige ting. I grunneigarrolla er vi kjempe-

glade for arbeidet som er gjort. På grunn av at Salar nok tek inn vatnet sitt frå eit punkt høgare oppi vassdraget, stiller det oss friare når vi skal utføra arbeid på eigen eigedom, seier Thorsen.

Han viser til at det er heilt vanleg i slike saker at kommunen som grunneigar kan ha eit syn og at dei folkevalde kan ha eit anna syn, og det er dei folkevalde sitt vedtak ordføraren må følgja.

Ikkje part i saka

- Det er NVE som er konsesjonsinnehavar i denne saka, slik at kommunen er berre ein høyringsinstans og ikkje part i saka, legg han til.